



Jørund Helleland
Lofthusvegen 2
5781 LOFTHUS

Vår ref. 18/412-2
Jp.id. 18/3898

Saksh. Anne Gerd Nysveen
Tlf. 53671535

Arkiv
N - 111.2

Dato
25.04.2018

Tilbakemelding på søknad om fritak for eigedomsskatt gnr. 73 bnr. 6

Viser til søknaden din om fritak for eigedomsskatt datert 17. april. Du søker om fritak etter eigedomsskatteloven (esktl.) § 7 b, og ynskjer at heradsstyret skal gje eigedomen din fritak.

Heradsstyret tek årleg stilling til om eigedomsgrupper som er beskrive i esktl. § 7 skal få heilt eller delvis fritak. Det er rett som du skriv at Riksantikvaren oppfordrar kommunar til å frita bygningar med historisk verdi med heimel i esktl. § 7 b. Ullensvang herad gjev fritak etter denne paragraf, men brukar kriteriet "freda bygningar" som utgangspunkt for å få innvilga fritak.

Kva som skal definerast som "historisk verdi" er ikkje klart, og vil vera opp til heradsstyret å fastsetja. Kravet om likehandsaming er vesentleg. Kva eigedomar som har historisk verdi må heradsstyret avgjera etter skjønn, men ved å knyta vilkåret om historisk verdi til formelt fredningsvedtak, har ein òg sikra at kravet til likehandsaming er oppfylt. Fritak ut over freda bygg vil by på problem i forhold til likskapsprinsippet mot skattepliktige bygg.

Bygg som er freda er registrert med "kulturminne" i matrikkelen/eigedomsregisteret. Eigedomsskattekontoret legg kvart år fram ei lista med freda bygg, som ein tilrår at heradsstyret gjev fritak. Denne lista vert oppdatert ut frå Riksantikvaren sin kulturminnedatabase Askeladden, der ein finn oversikt over freda bygg. Utval etter andre kriterier t.d etter "SEFRAK" registrering, vil vera utfordrande med tanke på likskapsprinsippet. At eit bygg er registrert i SEFRAK gjev ikkje automatisk vernestatus, og legg heller ikkje spesifikke restriksjonar på kva som kan gjerast med det. SEFRAK-registeret seier ikkje noko om objekta sin verneverdi. Svært mange gardshus i Ullensvang har SEFRAK registrering. På t.d www.seeiendom.no kan innbyggjarar sjå om bygg på eigedomen sin er freda eller Sefrak-registrert.

Heradsstyret gjev altså fritak til freda bygg etter esktl. § 7 b. Søknadar om fritak utover freda bygg må handsamast einskildvis. Det er berre ein eigedom som har fått innvilga fritak utan å ha fredningsstatus, og det er på bakgrunn av tilråding frå Hordaland Fylkeskommune. Heradsstyret er i utgangspunktet ikkje bunden av andre instansar si vurdering.

For at eigedomsskattekontoret ev skal klargjera søknaden din til heradsstyret, treng me ein uttale frå faginstans (Fylkeskonservator evt. Riksantikvaren). Ved vurdering av slike søknadar må det vera bygningar som etter faginstansen si vurdering ligg tett opp til



fredningsstatus, og har særleg høgt vernebehov. Me ber deg sende dokumentasjon på dette innan 3 veker.

Med helsing
Ullensvang herad

Trude Osmo
Sakshandsamar

Anne Erdal
Kommunalsjef Økonomi

Kopi til arkiv og kopibok
Kopi til:
Anne Gerd Nysveen

Sakshandsamar